

## Konseptskildring

Akademiet Eikanger-Bjørsvik vart stifta 4. april 2016.

Bakgrunnen for å opprette ei stifting var ynskjet om å sikre vidarefføring og utvikling av den kulturarven Eikanger-Bjørsvik Musikklag er ein del av: korpskulturen. Gjennom ei ideell stifting kan me både styrke korpsa og vera med på å gje arbeid til alle dei dyktige freelancemusikarane og pedagogane som finns i fylket vårt.

Allereide frå oppstartsdatoen fekk AEB spørsmål om undervisningstenester frå korps i regionen, og pr dd har AEB ei omsetning på 116.000,-. Dette viser at behovet for undervisning er stort, og at AEB har livets rett.

Prosjekta AEB har gjennomført hittil er utelukkande gruppeundervisning i skulekorps. Me ynskjer å utvide buketten med undervisningstilbod.

Me ynskjer difor å kartlegge kvar skoen trykker hjå dei ulike korpsa, slik at me kan hjelpe dei der det trengst. Er det instrumentalundervisninga det skortar på, eller er det kompetansen til dirigenten og/ eller foreldregruppa som bør styrkast?

Ei slik kartlegging er krevjande arbeid, men heilt naudsynt for at me skal kunne komme oss vidare. Kartlegginga medfører reiseverksemd, kontaktmøter, mailing og telefonering - og vil ta 6 månader å gjennomføre.

Deretter vil me knytte til oss spisskompetanse på dei ulike fagfelta, utvikle konsepta og tilpasse dei målgruppene. Målet er å få satt i gang 3 prosjekt hausten 2017, og 2 nye hausten 2018.

Konsepta me ynskjer å tilby først er:

- A. Organisasjon- og arrangementsutvikling.
- B. Nybegynnaroplæring for framandspråklege\*
- C. Talentutvikling
- D. Dirigentutvikling
- E. Ensemblespel og musikkformidling

\*prosjektet tar særleg utgangspunkt i det faktum at Nordhordlandsommunane no har fått 2 asylmottak, begge for midtreårige, einslege asylsøkarar. I våre auge finns det ikkje ein betre stad å bli integrert enn i eit korpsmiljø.

Med von om positiv handsaming

Sølvi Ones  
Akademiet Eikanger-Bjørsvik